Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
22.10.2024	2024/14383
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møteprotokoll villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell 21. oktober 2024

Det var kalla inn til haustmøte i Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell villreinnemnd. Møtedag var måndag 21. oktober 2024, kl. 11.00 – 14.00, inkludert lunsj på Blix hotell i Vik.

Frammøtte frå nemnda:
Per-Are Halstensgård (Ulvik), Ragnhild Nestegard Tormodsgard (Hol), Solveig Roti Aasen, varamedlem (Aurland), Geir Helge Østerbø (Høyanger), Håvard Engeset, varamedlem (Modalen), Morten Farestveit (Vaksdal), Turid Haga Vange (Vik), Morten Samskott (Voss), og Sigmund Tveitehagen (Ål).

Forfall: Trygve Skjerdal (Aurland), Gunhild Damstuen (Lærdal) og Ane Guro Moen-Aamot (Hemsedal).

Frå villreinutvala møtte Harald Skjerdal (sekretær) Nordfjella villreinutval og Per Tistel, Fjellheimen villreinutval.

Sekretariat:
Hermund Mjelstad – Statsforvaltaren

Sakliste

12/24 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Godkjent.

13/24 **Val av møteleiar**
Nestleiar/fungerande leiar Morten Samskott vald som møteleiar.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen 114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no

14/24 **Økonomistatus**
Nemnda tek økonomistatus til etterretning.

15/24 **Orienteringssaker**
Sakene var utsendt til medlemane på førehand og sekretær gjekk gjennom orienteringssakene i møtet. Av konkrete innspel ønskjer nemnda at det blir gjeve ein uttale til saka om reguleringsplan for Skjelingen nord hyttefelt i Vik kommune, der det er vedteke fortetting med fem nye fritidsbustadar.

16/24 **Gjennomgang/orientering om dei tre villreinområda i nemnda**
Sekretær gjekk gjennom dei tre områda, med kart og informasjon i hovudsak henta frå nettsida til Norsk villreinsenter (www.villrein.no). Det vart påpeika undervegs at Raudafjell har areal i tre kommunar, Aurland, Voss og Ulvik. Bestandsmål for Nordfjella er 2400 vinterdyr.

17/24 **Fellingsresultat og status for Nordfjella villreinområde (sone 2)**

	Hol	**Aurland**	**Ulvik**	**SUM**
Bukk vaksen	13	13	1	27
Bukk 1 ½ år	3	-	-	3
Bukkekalv	-	1	2	3
Simle vaksen	5	-	-	5
Simle 1 ½ år	-	-	-	0
Simlekalv	-	1	1	2
SUM FELT	**21**	**15**	**4**	**40**
Fellingskvote	41	28	11	80
Felt % av kvote	51,2 %	53,6 %	36,4 %	50,0 %

Fordeling hanndyr/hodyr:
Av 40 felte dyr var **33** hanndyr og **7** hodyr.

I strukturteljinga 26-27. september vart det funne slik struktur på dyra:

	Vaksen bukk	2,5 år b	1,5 år b	Simle	Kalv	Usikre	
	6,30 %	3,90 %	10,20 %	52,50 %	26,30 %	0,80 %	100,00 %
Utlikna på flokk, 305 dyr:							
	19	12	31	160	80	3	305

Tala viser, som venta, lågt tal vaksen bukk etter hard avskyting. Relativt høgt tal simler.
Veterinærinstituttet sine berekningar tilseier no at sannsynlegheita for at det er færre enn 4 smitta dyr i Nordfjella og Raudafjell er på 98 %.
Etter teljingane i Nordfjella og Raudafjell er det no truleg kring 500 dyr i heile området. Teljingane er ikkje kvalitetssikra av NINA, men det blir truleg ikkje store endringar.

18/24 **Fellingsresultat og status for Raudafjell villreinområde**

Det er felt 2 dyr i Raudafjell under jakta, ein vaksen bukk og ei vaksen simle.

Under kalveteljinga i 2024 vart det registrert 58 dyr og av dette 15 kalv. Siste teljing viser vel 90 dyr, struktur/fordeling er ikkje kvalitetssikra enno. Utfordrande med skytefelt/øvingsfelt inne i villreinområdet.

19/24 **Status Fjellheimen**

Det har ikkje vore jakt i Fjellheimen etter 2020. Tal frå teljingar dei siste åra viser ein svak auke, og tala for 2024 viser at ein truleg er passert 500 dyr totalt på dei tre flokkane, Vikafjellsflokken, Volaflokken og Kringsdalsflokken. I tabellen under er berre Vikafjellsflokken med, dei andre vart ikkje registrert.

Strukturteljing Vikafjellsflokken 2024								
Bilde	4639	4640	4642	4644	4647	4649	Totalt	Prosent
Kalv	1	18	28	36	9	7	99	23,8
Simle/ungdy	2	26	60	56	13	11	168	40,4
Bukk 2	2	6	18	20	1	2	49	11,8
Bukk 3	1	14	40	36	7	2	100	24,0
Totalt	6	64	146	148	30	22	416	

20/24 Eventuelt

Morten Farestveit (Vaksdal) etterlyste «informasjonspakke» til kommunane, sekretær følgjer opp dette.

Anna: Møtetid 3 timar, førebuing 3 timar.

Med helsing

Morten Samskott
nestleiar

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent